

NORGES  
IDRETTSFORBUND  
Sogn og Fjordane idrettskrins



# IDRETTSRÅDET

- EIT FELLESORGAN FOR  
IDRETTE I DIN KOMMUNE



# **INFORMASJON OM IDRETTE I SOGN OG FJORDANE**

**Sogn og Fjordane idrettskrins skal vere ein pådrivar og ein aktiv støttespelar for den frivillige idretten i Sogn og Fjordane gjennom å:**

- **vere eit talerøyr for idretten**
- **betre rammevilkåra**
- **tilby kompetansebygging**
- **fremje idretten sine verdiar**

**Grunnlagsdata for idretten i Sogn og Fjordane 2017:**

- **44 248 medlemskap = ca. 40 % av innbyggjarane i Sogn og Fjordane**
- **37 idrettar**
- **191 idrettslag**
- **16 idrettsråd**

# KVA ER EIT IDRETTSRÅD

Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i ein kommune. Det er eit organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) gjennom idrettskrinsen og er underlagt NIFs lov og reglar. Alle idrettslag med medlemskap i NIF blir automatisk medlem av sitt tilhøyrande idrettsråd.

## Føremål - idrettsrådet skal

- arbeide for best moglege tilhøve for idretten i kommunen
- vere ein arena for samarbeidet mellom idrettslaga, mellom idrettslaga og kommunen, og mellom idrettslaga og idrettskrinsen

## Idrettsrådet sine arbeidsoppgåver:

- Styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet
- Gjere prioriteringar på vegne av idrettslaga
- Dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang og utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram
- Vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke



# Kvifor er idrettsrådet så viktig?

**Eit aktivt og sterkt idrettsråd som fungerer som eit talerøyr på vegne av HEILE idretten i ein kommune, vil ha ei stor politisk påverknad for å oppretthalde og betre rammevilkåra for idretten lokalt.**

## **Korleis kan idrettsrådet bidra til best mogleg rammevilkår for lokalidretten?**

- Synleggjere lokalidretten og verdien av den
- Inngå samarbeidsavtale med kommunen og påverke bevisstgjeringsprosess av IR sin funksjon og arbeidsoppgåver
- Sørgje for gode anleggsplanprosessar når kommunedelplanar skal rullerast eller reviderast

## **Idrettslaga sitt ansvar for og bruk av idrettsrådet**

Idrettslaga er idrettsrådet sine oppdragsgjevarar og skal ta ansvar for at rådet fungerer. Idrettslaga har difor eit spesielt ansvar for å bruke idrettsråda i alle felles og viktige saker som angår idretten og det offentlege.

Dette ansvaret gjeld mellom anna:

- Å stille med 2-5 representantar som møter på idrettsrådet sitt årsmøte.
- Å sende alle henvendinger til kommunen gjennom idrettsrådet.
- Å informere idrettsrådet om sine anleggsplanar på kort og lang sikt, og fremje søknader gjennom idrettsrådet.
- Å halde fristar idrettsrådet set for søknader.
- Å delta på fellesmøter i regi av idrettsrådet.

# SAMARBEIDSMØNSTERET I KOMMUNEN

## IDRETTLAGA sine

- behov
- ønskjer
- planar
- førespurnader
- søknader

## FREMJAST GJENNOM

### IDRETTSRÅDET som

- samordnar
- prioriterer
- fremjar
- følgjer opp

sakene frå idrettslaget

## OVANFOR

### KOMMUNEN som tek

**IDRETTSRÅDET** med  
på høyring og råd

### Dømer:

- gir uttale til kommunen i alle saker som er av felles interesse for idretten
- ein aktiv, formell og operativ rolle ved rullering av fylkeskommunale og kommunale planar for idrett og friluftsliv
- innverknad på utbyggingsrekkjefølgja av alle offentlege finansierte idrettsanlegg
- sikre areal til idrettsanlegg i planarbeid og i eit langsiktig perspektiv
- utstyr i tilknytning til anlegg
- fordeling av leigetider i kommunale anlegg
- idrettsrådet er involvert og deltek i prioritering av kommunale midlar og tilskotsordningar til idretten
- møter i kommunestyret for å informere om idretten
- påverknadsarbeid ovanfor politikarar for å betre rammevilkåra



# Idrettskrinsen – idrettsrådet

- Idrettskrinsen har eit ansvar for å stimulere til samarbeid med idrettsråd og mellom idrettsråd.
- Idrettskrinsen har ansvar for at det opprettast idrettsråd i kommunane.
- På idrettskrinsting har idrettsrådet stemmerett.
- Idrettskrinsen skal arbeide med idrettspolitiske innsatsområder, spesielt ovanfor fylkeskommunen, regionale organ/etatar og kommunane, for å styrke idretten si rolle og betre rammevilkåra.
- Service- og støtteoppgåver ovanfor idrettsråd, særkrinsar/regionar og idrettslag for å styrke aktivitets-, kompetanse- og anleggsutviklinga, og vere det nærmaste støtteorgan for idrettsrådet i møte med kommune og politikarar.
- Idrettskrinsen skal sørge for at alle nye leiarar/styret i idrettsrådet får tilbod om nødvendig grunnopplæring.
- Idrettskrinsen skal legge til rette for regionale og lokale arenaer og møtestadar for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling.
- Idrettsrådsbesøk/kompetansetiltak

Sogn og Fjordane idrettskrins møter gjerne på eit styremøte i idrettsrådet, dersom idrettsrådet ønskjer eit besøk frå idrettskrinsen.

Idrettskrinsen tilbyr også ulike kompetansetiltak til idrettsråda og idrettslaga.

Sjå heimesida vår for meir informasjon [www.idrettskrinsen.no](http://www.idrettskrinsen.no)

# Årsmøte i idrettsrådet

Årsmøtet skal holdes kvart år innad utgangen av juni måned (IR lov § 13 (1)).

Årsmøtet skal varsles til idrettskrinsen i god tid.

## NIFs lovnorm for idrettsråd

### **Representantar på årsmøtet i idrettsrådet**

Blir valt på idrettslaget sitt årsmøte (IL lov § 15, pkt.10 e).

Sjå elles IR lov § 14.

### **Styret i idrettsrådet**

Skal veljast på ny av idrettsrådet sitt årsmøte, fritt mellom medlemmane (IR lov § 16 (1), pkt.9 a og b).

### **Valkomité**

Idrettsrådet skal ha eigen valkomité som veljast av idrettsrådet sitt årsmøte (IR lov § 16 (1), pkt.9 e).

### **Reviderte lover**

Etter Idrettstinget i Trondheim 2015 er lovnorm for IR noko endra. Idrettsrådet oppdaterer si lov og sender desse til godkjenning hjå idrettskrinsen.

## Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Idrettsråda i Sogn og Fjordane fordeler i 2016 i overkant av 7 millionar kroner i aktivitetsmidlar direkte til idrettslaga. Dette er midlar frå overskotet av speleinntekter gjennom Norsk Tipping. Kulturdepartementet forvaltar midlane. Fordelingsnøkkel for LAM-tildeling bør settast opp som sak til idrettsrådet sitt årsmøte (IR lov § 16 (1), pkt.7).



# SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

## STYRET 2016 – 2018:

Leiar: Nils R. Sandal  
91 55 22 19 / [nils.r.sandal@online.no](mailto:nils.r.sandal@online.no)

Nestleiar: Arve Heimdal  
90 85 37 87 / [arveheimdal@gmail.com](mailto:arveheimdal@gmail.com)

Styremedlem: Ruth Sølvi Helland  
91 62 51 43 / [ruth-solvi.helland@sfj.no](mailto:ruth-solvi.helland@sfj.no)

Styremedlem: Lilly Schøyen  
90 94 16 20 / [lilly.schoyen@sognet.no](mailto:lilly.schoyen@sognet.no)

Styremedlem: Martine Viken  
97 13 96 40 / [martineviken@gmail.com](mailto:martineviken@gmail.com)

Varamedlem: Ingrid Heien  
46 61 88 15 / [ingrid.heien@enivest.net](mailto:ingrid.heien@enivest.net)

Varamedlem: Stian Grimseth  
91 36 05 31 / [sg@gravdal.no](mailto:sg@gravdal.no)

## ADMINISTRASJON:

Anne Leversund, organisasjonssjef  
48 25 22 82 / [anne.leversund@idrettsforbundet.no](mailto:anne.leversund@idrettsforbundet.no)

Ingrid Narum, plan- og utviklingsleiar  
91 80 06 11 / [ingrid.narum@idrettsforbundet.no](mailto:ingrid.narum@idrettsforbundet.no)

Erling Benjaminsen, økonomikonsulent  
41 92 65 33 / [erling.benjaminsen@idrettsforbundet.no](mailto:erling.benjaminsen@idrettsforbundet.no)

## KONTAKTINFORMASJON:

Besøksadresse:  
Firdavegen 6, Concordbygget 3. etasje,  
6800 Førde

Telefon 57 76 12 10  
[sognogfjordane@idrettsforbundet.no](mailto:sognogfjordane@idrettsforbundet.no)

Følg med på heimesida vår [www.idrettskrinsen.no](http://www.idrettskrinsen.no)  
Idrettskrinsen på [Facebook](#)